

## Biosfæreprosjektet i Nordhordland

Biosfæreprosjektet kan få stor tyding for Nordhordland, men er bygd opp slik at vi sjølv må bestemme korleis vi vil nytte biosfærestatusen og kva tenester som skal leggest til prosjektet. Det veit vi først i 2017. Vi vil likevel trekke opp noko av det som allereie er klart.

- **Konkrete aktivitetar**

Desse tiltaka er starta eller under planlegging :

- |                          |   |
|--------------------------|---|
| ‘Smaken av Nordhordland’ | Prosjekt med fokus på lokale produsentar, distribusjon og marknad, som vil gje mat frå Nordhordland på bordet.  |
| ‘Skog og gjengroing’     | Prosjekt for rydding i områder som er gjengrodd av skog, lønsam utnytting av denne skogen, opning av landskap, brannvern, og rydding av skog langs veg.         |
| ‘Ungdomsambassadørar’    | Internasjonalt prosjekt der to skuleelevar i regionen får delta på to vekers studietur til Arktis saman med ungdom frå andre delar av verda (Betalt av UNESCO). |

- **Forsking og utdanning**

Universitetet i Bergen har fått tilsegn om å opprette eit eige professorat (og fleire andre stillingar) knytt til biosfæresatsinga. Høgskulen i Bergen har og vist interesse for prosjektet. Dette vil sikre at forskingsressursar som elles ville ha gått mot andre områder, no rettes inn mot konkrete problemstillingar i Nordhordland. Eit prosjekt om ras-sikring er allereie satt i gang. Det vil og leggje til rette for at vi kan starte arbeid med å at ein skule i regionen får status som UNESCO-Skule.

- **Økonomi**

Kostnadene for kommunane i Nordhordland er små i forhold til dei midlane som prosjektet vil løyse ut. Tilskottet frå kommunane utgjer under ein tredel av budsjettet i prosjektperioden – og då er ikkje eksterne tilskott til prosjekta rekna inn.

- **Nasjonal og internasjonal merksemd, identitet og merkevarebygging**

Som det første biosfæreområdet i landet vil vi få mykje merksemd – også internasjonalt. Engasjementet vi skal skape kring samfunnsutviklinga, skal byggje oppunder arbeidet med å synleggjere kvalitetane våre, synleggjere identiteten vår og styrke stoltheita over samfunnet og regionen vår. Biosfærestatusen skal vi nytte til å byggje merkevaren Nordhordland og skape positiv merksemd. Med det vil regionen auke attraktiviteten sin, trekkje til seg nytt næringsliv, innovative miljø og arbeidskraft.